Klypeposten

Nr. 2 - 2017 Årgang 34 Laussal kr. 40,-

Redaksjonen ynskjer adle lesarar ei riktig god jul

IF Klypetussen 2017
Styre og utval

HOVUDSTYRET
Leiar: Gisle Sellevold
Nestleiar: Tor Arne Sandvik
Kasserar: Elin Samland
Styremedlem: Ørjan Løhaugen
Styremedlem: Skjalg Duesund
Styremedlem: Oliv Enge

1. Varamedlem Hararald Måge
2. Varamedlem Olav Svendsen

Friidrettsgruppa (2 år):
Ørjan Løhaugen, Leiar
Torbjørn Samland
Rokas Ivanovskis

Ski & Fjellgruppa (2 år):
Terje Håland
Endre Sævareid
Gunnbjørg Ljusnes

Sykkelgruppa (2 år):
Ansgar Grindheim
Nils Saltnes
Jan Otto Mæland

Klypeposten:
Gunnbjørg Ljusnes
Sigrid Løvereide
Mona Norheim
Arild Jensen

Langs Åkrafjorden (2 år)
Tor Arne Sandvik, Leiar
Sandov Lauareid
Jon Magnar Jensen

Valnemd:
Åshild Gundegjerde
Jan Eirik Jensen

Revisorar: *
Harald Lindevik
Sigrid Løvereide

Då det var feil i styre og utval i nr. 1/2017, tar me med dette på nytt i rett versjon.

Salme

Du livsens lys som lyser
Lever i kvart liv på jord
Og som ein kjærleik hyser
Slik milde Fader-gode Mor
Du finst og uti rymda
Der auga inkje ser
Og ein gong vil vi blunda
Salig og så nær.

Vi føddest inn i livet
Ved kvar vogge sto du fast
Sjølv om vi er som sivet
Du er vår skire-klåre kraft
Og når vi bøygde unna
Og let det vonde radt få rå
Så let du ved Din Nåde
Oss sanning atter sjå

Inge Vinje

Klypepostredaksjonen har vore i kontakt med ein utflytta Stordalsbu, Inge Vinje, som no bur i Bergen. Me veit han er svært så skriveføre, og har difor utfordra han til å sende oss noko han har skreve. Dette har han gjort, blant anna denne salmen og fleire dikt lenger ut i bladet.

Innsatspokalen 2016

Knut Leknes vart i 2016 tildelt IFK sin innsatspokal for sin trufaste innsats for laget, både gjennom idrettsprestasjonar og dugnadsarbeid. Me vil gjerne vite litt meir om kva han har vore med på i si idrettskarriere, og har difor invitert oss sjølve inn til et besøk hos Knut Leknes og sambuar Anne Mette Lian. Ho har også idrettsminne å fortelje om.

Knut er født i Skånevik i 1954. Han flytte til Etne i 1976 for å arbeida som avløysar, eit yrkesval han har stått ved i 41 ½ år! Han fekk Norges Vel`s medalje for lang og tru teneste etter 30 år, og vart kåra til årets avløysar i Hordaland både i 2000 og i 2016. Så han kan vel godt seiast å vera ein trufast slitar!

Lang fartstid har han også i IF Klypetussen som me skal få sjå.

KP: Dreiv du med idrett i barne/ungdomsåra også?
Ja, men då var det sleggekast og diskos. Eg laga meg ring på bakken heime og trena der. –Ikkje heilt ufarleg for dei andre som var i nærleiken, ler Knut. Frå starten av var eg medlem i Skånevik IL, seinare vart det Etne IL

Kp: Men korleis kom du med i Klypetussen og starta med sykkel?
Det var i -84 eg kom i kontakt med mellom andre Sandov, Harry og Oliv som då hadde starta opp i sykkelgruppa der. Då trena me i lag og deltok i sykkelritt. Eg har mange gode minne frå den tida.

KP: Og det har jammen vorte nokon mil på sykkelen for deg, veit du kor mange ritt du har delteke i opp gjennom åra? Og kan du nemna nokre av dei?
(Her får me bevis på at dette er ein mann med orden i sakene, han hentar ein perm der alt er nøye bokført og systematisert !!)

Det har blitt 140 ritt totalt. Nokre av dei går 2 gonger i året, m a Tysværrittet, der eg har delteke 50 gonger.

Odda- Bø	14	gonger
Haugesund – Sauda	10	«
Haugesund- Odda	8	«
Stord rundt	8	«

Alle Skånevikstranda rundt, Alle Langs Åkrafjorden (15 gonger)
Nordisk veteran på Sandnes

Å sykle Trondheim – Oslo var ei fin oppleving i bra ver. Tida vart 16 t 17min, noko eg var godt nøgd med.

KP: Dette var altså et utdrag frå merittlista, du har jo også hatt ulike verv i klubben opp gjennom åra?
Ja, eg har sete i sykkelgruppa i over 30 år, også som leiar av den i fleire år. Var og med i hovudstyret ei tid.

KP: Og så har du jo vore med i dugnadsarbeid elles ?
Jo, har vore med på å arrangera ulike sykkelritt og løp lokalt, i grautateltet på Etnemarknaden dei åra IFK hadde det, og elles generelt dugnadsarbeid i klubben.

KP: Reiser du rundt og deltek i ritt framleis?
Nei, nå blir det berre her i lokalmiljøet.

KP: Men på sykkelen er du ofte å sjå?
Ja , det blir ei tur dagleg om det berre er tørre vegar! Då går turane rundt om innan kommunen, t.d. Strondavegen til Tungesvik, tilbake til Etne, over Fossa -Grindheim opp til Bakka, så heim. Det blir ofte 2-3 timars turar.
Eg trenar oftast åleine, men nokre gonger også saman med andre i laget.

KP: Kva erfaringar har du med forholdet bilistar/ syklande i trafikken?
Det går fint det, synest det vert vist omsyn. Det har jo sjølvsagt noko med korleis den som syklar også oppfører seg.

KP: I di lange sykkelkarriere, har du vore utsett for store uhell eller skader?
Det har stort sett gått bra det. Største skade opplevde eg i Odda- Bø et år. Nede ved Grunge bru i Vinje var der et hol i vegen i overgangen mellom brua og vegbana. Eg låg i halen av eit felt, ein føre meg kom nedi dette og velta. Eg fauk og av sykkelen og landa på eine sida der hjelmen vart heilt knust. Så det var utan tvil den som redda meg frå verre skade. Eg kom meg oppatt og ville fortsetje.

-her skyt Anne Mette inn at ho, som kom etter i følgjebil, i første omgang ikkje klarte stoppa han frå det. Men «heldigvis» var sykkelen så vridd at den var ubrukeleg.

Me drog ned til legevakta i Gvarv. Det vart det konstatert at ingen bein i kroppen var brotne, men eg hadde fått ein kraftig hjernerystelse og var slått både gul og blå, så heile sida såg ut som eit Europakart! Eg vart sjukemeldt ei stund då.

Som me ser av merittlista til Knut er det vel fortent at han fekk Innsatspokalen 2016, me gratulerer og ønskjer han mange gode sykkel-år framover!

Anne Mette har også vore med i dugnadsarbeid i klubben tidligare. Med kakebaking til ulike arrangement, kjøkenteneste, basar, grautateltet på



Etnemarknaden for å nemna nokre. Nå har ho diverre ikkje helse til dette lenger, men møter gjerne opp på tilstellingar om ho klarar. Ho er født og oppvaksen i Hof i Vestfold. Kom hit til Etne i 1996.
Me ser eit skap fylt med pokalar og plakettar, og får vite at det er hennar.

KP: Kva idrett dreiv du med i oppveksten?
Det vart ski og langrenn for meg. Og den interessa starta tidleg! Var 3 år då OL i Grenoble -68 gjekk og då vart eg heilt hekta! Hugsar eg tenkte at dette vil eg og gjera! Gjekk rundt og song på «I Grenoble skal me slå deg» som Ole Ellefseter vart populær med, og skulle berre ha ski!

Og ski vart det til slutt, for pappa kutta av eit par etter bestefar, måla dei rosa og med raude bindingar stavar med store raude trinser var eg litt av eit syn! Me ungane hadde mykje moro med ski opp gjennom åra , laga hopp og løyper, jetski var også populært.

KP: Når starta du å konkurrere?
Det var frå eg var 11 år. Då eg var 15 skjøna eg at det var lange renn som var tingen for meg. Hugsar at eg og ei venninne melde oss på Skibergløpet, 37 km langt, opp til toppen av Skiberg. Når dagen kom, kunne ikkje venninna mi starte, så eg måtte gå åleine. Eg kom meg til topps, men var nok litt uerfaren når det gjaldt væskeinntak, for eg fekk ikkje i meg drikke før etter 20 km! Det var 16 års grense på dette rennet, og sidan eg var 15, måtte eg starte utanfor konkurranse. Men eg fekk godskreve at eg gjekk, og fekk diplom.

I 18 års alderen fekk eg ein infeksjon. Eg rekna jo med at formen skulle bli som før etter den, men slik vart det ikkje. Draumen eg hadde om å få delta i Vasaloppet vart ikkje muleg. Eg arbeidde i Posten i Oslo ei tid, og der vart ein dregen med i bedriftsidrettslaget. Eg pressa meg nok kanskje for mykje der.

Så det vart ikkje meir aktiv idrett for meg, då eg kom til Etne vart eg med i Musikklaget. Spela både kornett og althorn. Men eg er veldig sportsinteressert, og følger med på tv-sendingar frå ulike sportsarrangement.

Me takkar for ei god stund i stova til Knut og Anne Mette, for kaffi og god heimebakst, og for hyggeleg pratestund.

HÅLANDSHOVDA 654 m.o.h.				
Rekord er vist ved rød skrift og *				
År	**PER-SONER**	**NUTER-INGAR**	**KONGE / DRONNING av HÅLANDSHOVDA**	**NUTER-INGAR**
1983	30	32	Harry Hustoft, Terje Håland	2
1984	27	33	Terje Håland	7
1985	53	76	Terje Håland	6
1986	53	81	Terje Håland	12
1987	45	49	Terje Håland	3
1988	51	73	Oliv Enge	7
1989	53	74	Gisle Sellevold	6
1990	74	136	Mona Norheim	17
1991	116	184	Lillian Frette	20
1992	100	253	Gisle Sellevold	40
1993	84	146	Lillian Frette	14
1994	92	205	Lillian Frette	52
1995	130	195	Gisle Sellevold	22
1996	111	241	Hassi Ljusnes Kristiansen	51
1997	108	169	Per Rune Kolås	14
1998	119	265	Lillian Frette	**62***
1999	116	227	Leif Arne Løvereide	23
2000	173	345	Gisle Sellevold	51
2001	136	270	Mona Norheim	36
2002	168	243	Leif Arne Løvereide	17
2003	284	423	Gisle Sellevold	40
2004	259	397	Gisle Sellevold	21
2005	219	304	Arild Jensen	16
2006	243	342	Martin Norheim	20
2007	181	245	Leif Arne Løvereide	11
2008	Manglar ikkje tilgjengeleg for Klypeposten			
2009	216	358	Leif Arne Løvereide	25
2010	229	344	Randi Norheim Håland	14

2011	178	279	Leif Arne Løvereide	13
2012	211	287	Leif Arne Løvereide	13
2013	280	346	Leif Arne Løvereide	9
2014	403	529	Gunn Nordis Ekornrud	12
2015	308	409	Arild Jensen	5
2016	**552***	**669***	Geir Bakke	11



Årets nutist 2017: Vidar Tjelmeland

Så var alle nutabøkene talt opp og det har vore ein god sesong i år og , trass i mykje dårleg ver i sommar.

I år som i fjor, var det Vidar Tjelmeland som hadde flest nuteringar, heile 160! Plaketten til venstre skal Vidar få når namn og årstal er malt på. Det er Turid Helle Fatland som gjer dette.

Ljusneshovda og Skredkollen som er Vidar sine favoritt turmål, og ofte er turane unnagjort før me andre har komme oss ut or senga om morgonen!

Gratulerer, Vidar!

Kva skjer i grendene våre ?

Etter ein runde til dei ulike lag og foreiningar i grendene kjem det her ei lita oversikt over tilskipingar framover. Datoar er ikkje stadfesta på alle, men vert annonsert etter kvart.

Stordalen og Sævareid Grendahus
Førjulsbingo 26. november kl. 14.00
Vinterbasar 11. februar kl. 14.00

Stordalen og Sævareid Ungdomslag
Julakvelds i veke 50/51. Sjå plakat på Kroa for dato
Basar fredag 23.mars
17.mai frukost
Andaslepp helga nærmast St.Hans

Trivselsgrenda
Lavvotur, kveldsvandring 31. januar (sjå omtale annan stad i bladet)

Frette Bedehus
Også i år blir det juletrefest 4.juledag, 28. desember

IF Klypetussen
Her er ikkje lagt opp til noko arrangement nå før jul, men me har fått datoar for 2018:
Laurdag 17. mars - Trongjo opp
2. april (2. påskedag) - Bjørkeklubben over
Laurdag 14. april - Trongjo ned
Laurdag 18. august - Langs Åkrafjorden

I tillegg vil det bli arrangert 2 barne-stemne på Etne Stadion

Desember av Inge Vinje

Desember med tende ljos i alle grender
som små fyrtårn og landingsmerke for
norske julenissar.
Vel har ein sunge og høyrt dess meir
At englar dalar ned i skjul
utan å rett heilt skjøna meininga

Og kva skal ein no seia
med alle dei fykande figurar
gjennom rommet
på Tv skjerm
eller dei stadig nikkande- hyttande
eller på trommer trommande
vesener som varslar
at skal du sjølve lukka nå
då må du endå meire få ,
av det som kan kjøpast for peng
kom inn til oss- her finns i fleng,
eit utsal av eit stort utval

Og har du sett at det er sal
på mangt som du kan gjeva bort
så dyrt kan han tru din gåveven
at du har betalt for den
som du fekk- takk og heldigvis
til nærast berre halve pris

Men om du etter høgtidsstund
med magen mett og halvfull pung
sku kjenna- ventande på dag
at det du fekk og gav i lag
det er i morgondagen gløymt
ja mest før emballasjen fin
i omnen brenn med gule skin
har du det tapt det du vann inn
av skillingar i pengeskrin.

For aldri veit eg av eg fekk
ei gåve rik som bar meg vekk
ei lita stund frå månad mørk
til ljose salar utan ørk
At ho var kjøpt på billigsal
med galtomt innhald, berre skal.

Og eg kan ikkje hugsa hell
at det var alt det dyre lell
som gav meg det eg minnest mest
ein augneblink-- at det å sjå
at nokon gav det eg trong få !
Ein gyngehest- eg fekk av mor
Han er no borte, gøymd i jord
Og eg sit stille her å gret
Den vaksne mann sin stumme gråt.

Løpsklasse i "Langs Åkrafjorden" - 19. august 2017

Klasse:	Startnr	Namn	E-namn	Klubb	Føds.år	BERG	MÅL
	KVINNER:						
KV 35-39	37	Susanne	Wigene	Haugesund IL	1978	12.42	41.34
KV 35-39	684	Maryna	Novik	IF Klypetussen	1981	15.48	52.31
KS	676	Trine R.	Byggstøyl	---Privat---	1984	16.19	53.11
KV 50-54	45	Tove	Karbøl	Sauda IL	1966	16.36	54.49
KS	682	Kathrine Tungesvik	Matre	Etne IL	1989	18.16	60.09
KS	681	Margrethe	Tungesvik	Statoil B.I.L.	1989	18.16	61.43
KS	48	Carina	Hornenes	---Privat---	1984	18.39	62.37
J 16-17	686	Andrine	Hagen	IL Korlevoll	2000	20.07	67.50
KV 50-54	50	Kjersti	Andersen	Odda - O-lag	1963	20.52	68.28
KV 40-44	679	Renata	Palamarz	IF Klypetussen	1976	22.00	70.29
KS 20-22	696	Åse	Garberg	Odda	1997	20.39	DNF
	MENN:						
MS 20-22	680	Lars	Lunde	Stord IL - Friidrett	1997	10.47	35.53
MJ	49	Øystein	Halvorsen	IL Korlevoll	1997	11.32	39.04
MS	688	Bjørn K.	Kjellesvik	Etne IL	1989	12.21	41.58
G 14-15	39	Bård Olav S.	Medhus	Røldal IL	2002	12.14	42.46
G 16-17	694	Reidar	Austrheim	Ølen IL	2001	13.54	44.10
MS	691	Henrik	Vervik	SRS	1987	13.53	45.30
MS	683	Kristoffer	Ekornrud	IF Klypetussen	1989	13.52	45.37
MV 40-44	674	Einar	Hauge	Team Eivindvn.	1973	14.12	45.43
MS	690	John T.	Almås	Stord IL - Friidrett	1986	13.30	46.10
MS	47	Øystein	Opedal	---Privat---	1983	14.15	46.19
MS	689	Sindre	Ekornrud	IF Klypetussen	1984	14.24	46.22
MS	692	Sindre	Vikanes	SRS	1986	14.14	46.31
MV 55-59	675	Terje	Eileraas	Haugesund Triathlonklubb	1959	14.13	46.51
MS	43	Marius	Kallevik	Vormedal IL	1988	14.57	49.01
MS	40	Ørjan	Løhaugen	IF Klypetussen	1984	14.59	49.39
MS	Funkløp.	Tor Arne	Sandvik	IF Klypetussen	1975	15.24	51.04
MV 40-44	46	Morten	Johansen	Skånevik IL	1974	15.18	51.37
MV 40-44	693	Robert S.	Melkeraaen	Fjæra & Rullestad IL	1974	16.10	51.42
MS	44	Martin	Kristiansen	Skånevik IL	1995	15.39	53.08
MS	42	Roy Åge	Bjotveit	Boa Flooring	1987	15.50	53.10
MS	41	Bård	Johansen	Skånevik IL	1985	15.37	53.14
MV 60-64	38	Harald	Måge	IF Klypetussen	1954	17.50	58.43
MV 65-69	Funkløp.	Gisle	Sellevold	IF Klypetussen	1951	22.04	76.59
MS 20-22	695	Raphael	Torres	Frankrike - Odda	1996	14.14	DNF
MV 40-44		Svein Åge	Mikkelsen	Haugesund IL	1975		DNS

Deltakarar på sykkel i "Langs Åkrafjorden" - 19. august 2017

Namn	E-namn	Føds.år	Adresse	SYKK.	ANT
Arild	Austrheim	1966	VIKEDAL	1	2
Jane A.	Austrheim	1969	VIKEDAL	1	3
Einar	Eintveit	1954	SKÅNEVIK	1	4
Leif	Fosse	1945	ETNE	1	10
Borghild	Galtung	1965	ETNE	1	
Johannes J.	Garvik	2003	SKÅNEVIK	1	6
John-Børge	Garvik	1959	SKÅNEVIK	1	8
Svein Helge	Gullhaug	1982	ØLENSVÅG	1	5
Ingvor	Gundegjerde	1945	ETNE	1	4
Ole Ragnar	Gundegjerde	1946	ETNE	1	3
Åshild	Gundegjerde	1979	ETNE	1	5
Lars W.	Haaland	1952	ETNE	1	4
Kari	Hansen	1969	SKÅNEVIK	1	3
Svein Egil	Hansen	1957	SKÅNEVIK	1	5
Øyvind	Holm	1935	ETNE	1	
Evy Hetland	Hus	1965	SKÅNEVIK	1	8
Arild	Jensen	1972	ETNE	1	
Emma Ljusnes	Jensen	2004	ETNE	1	9
Jan Eirik	Jensen	1970	ETNE	1	9
Jon Magnar	Jensen	1946	ETNE	1	11
Anne Grethe	Johansson	1964	SKÅNEVIK	1	8
Sandov	Lauareid	1945	ETNE	1	
Knut A.	Leknes	1954	ETNE	1	11
Bjarne	Ljusnes	1951	ETNE	1	8
Johannes N.	Markhus	1937	MARKHUS	1	11
Kjersti	Markhus	1944	SKÅNEVIK	1	5
Knut	Norheim	1934	ETNE	1	10
Olav	Samland	1963	ETNE	1	11
Thorbjørn	Samland	1992	ETNE	1	11
Tove	Samland	1975	SKÅNEVIK	1	6
Stein Gunnar	Sandvik	1946	ETNE	1	
Audhild G.	Sævareid	2005	ETNE	1	5
Halvor	Sævareid	1973	ETNE	1	9
Johanna G.	Sævareid	2009	ETNE	1	4
Per Henning	Sævareid	1970	ETNE	1	5
Erik S.	Tendal	2006	SKÅNEVIK	1	3
Ida S.	Tendal	2008	SKÅNEVIK	1	3
Inge	Tjelle	1979	SKÅNEVIK	1	5
Einar	Tjelmeland	1945	ETNE	1	3
Kari O.	Tjelmeland	1951	ETNE	1	5
Elin	Udstuen	1973	ETNE	1	11

Fin tur 2017.

Den bratte vegen opp til Larsebu føltes endå brattare denne marsdagen. Etter 5 vekers strålebehandling på Haukeland var eg trøtt då eg kom til hytta. Det var ikkje berre sveittedråpar som rann nedover kinna mine. Eg hadde lengta lenge til denne turen.

Larsebu, Foto: Therese Lundal

Det var framleis tidleg på dag og eg tok turen vidare bortover Jorene mot Sandvass. Litt omskrive følte eg meg slik som Ibsen skreiv det. I fjellet går eg saman med Gud, langt nede i dalen, famlar dei andre.

Skiføre var fint ,10 cm nysnø på gamal skare. Ikkje andre skispor og sjå, men spor etter rev, røyskatt hare og rypa gjorde at eg ikkje følte meg einsam.

Lite snø i fjellet, gravstøtta ved Runde Hauen såg eg litt av. Opp mot Kleivanuten kom eg over spor etter 10-12 reinsdyr. Dei hadde komme innante Torvenutområde.

Frå Kleivanuten har ein utrulig fin utsikt over store fjellvidder. Eg gler meg over alle dei fine minne eg har, dei vert sterkare etter kvart som eg vert eldre.

Fint å renna frå Kleivanuten og ned til den gamle hytta ved Nautavat-

net, som Tørres bygde. Eg merka eg er blitt eldre å bruke lenger tid på å renna ned enn tidligare. Kjekt å minnast at me arrangerte langrenn her på 60. talet. Spreke gutar frå Stordalen – Åkrafjorden samlast ved Nautavatnet. Ein var trøtt etter 2-3 timars tur opp før rennet. i kveldinga venta den lange vegen heimatt.

Sola skein fint over Fagerskardheio. Eg sette meg ned ved Gamlestøl. Tett ved stølen hadde ein flokk på 15-20 ryper hatt sitt nattlæger. Rypa er samla i flokkar om vinteren, den vil snart finna seg eit terreng saman med maken sin.

Eg sette skia frå meg i skogakanten, var bortom leikeplassen ved Krossen. Såg at orrfuglen allereie hadde vore og leika der. Eg gler meg til den fine tida me har framføre oss i fjellheimen.

Sjølv om eg i ein alder av 75 år fortsatt spring mange turar til fjells, vil det etter kvart bli mindre turar for meg og. Derfor vil eg senda ei helsing med andre og avsluttar med nokre linjer frå eit fint dikt:

Vil du ta med deg ei helsing til fjella, du som ennå er lett på tå. Vil du senda meg bod når du er der. Vil du gje dei mi siste bøn, at eg levde mitt liv der eingong.

Vil du helsa og takka frå meg, vil du bed dei og sletta gjelda, for den rikdom eg stal, steg for steg.

Larsemann

Utsikt frå Vierdalshorja mot Sandvass. Foto: Therese Lundal

Maryna Novik

Denne blide og flotte dama som representerer IF Klypetussen har me sett mange gonger på seierspallen i ulike løp. Kven er denne dama? - lurer mange på. Difor har me teke turen til Vikedalsdalen for å verta betre kjent med dette store talentet.

Maryna møter oss i døra med eit smil og inviterer oss inn til kake og kaffi i det koselege kjøkenet deira. Ho hentar ei stor bøtte med mjølk frå kjøleskapet der ho skjenker i eit glas til seg sjølv. -Eg drikk masse mjølk kvar dag, alltid rett frå tanken. Kanskje det er difor eg spring så fort?, smiler ho. Ho er fødd i 1981 og oppvaksen i Osjmany i Kviterussland. Etter universitetsutdanning fekk ho mulighet til å bli med på eit opplegg der studentar fekk reise utanlands for å lære språk og kultur. Kom så til Norge og Vikedal som au-pair i 2005. Ho er utdanna ingeniør som organiserer folk m a i større kantiner. Matlaging er også ein del av utdanninga.

Ho fekk venner her og traff også mannen sin her i Vikedal fortel Maryna. Det var eit stort steg å flytte hit, og eg måtte reise tilbake til heimlandet mitt for å tenkje over situasjonen. Men eg sakna Sjur og bestemte meg for å reise tilbake til Vikedal. I 2007 gifta ho og Sjur Blikra seg, og dei har no 3 born – Petra (9), Anita (7) og Jakob (2). Dei 2 eldste går på skulen, medan minstemann er i barnehage.

Foreldra til Maryna er ofte på besøk og hjelper til med borna. Maryna fortel at då dei pussa opp kjøkkenet i sommar, var borna hjå besteforeldra Kviterussland i ein månad. Eg snakkar russisk med borna slik at dei også lærer språket.

På garden driv dei med mjøkekyr og oksar. Maryna har det daglege ansvaret i fjosen, med mjølking av 18 kyr, inseminering m m . Mannen tek seg av utearbeidet på garden, driv også med maskiner/graving.

Maryna fortel at skal ho på eit stemne må ho ta fjøsstellet om morgonen – reise på stevnet og tilbake att til kveldsstellet i fjøset! Ho har alltid vore aktiv og likt å springe for å halda seg i form. Ho deltok også på fleire stevne medan ho gjekk på skulen.

Korleis vart du kjend med IFK?
Då eg flytte hit likte eg å gå turar i fjellet, men var lite kjend med turmåla. Ein gong ev var i Sauda og deltok på Hovlandsnuten opp, traff eg Skjalg Duesund, og hadde følgje med han ned att. Han fortalde at han gjekk på alle toppane i Vindafjord kvart år, og sa at eg kunne bli med. Det ville eg. På turane vart det prata om trening og løp og han fekk meg med i IF Klypetussen, der eg vart med på treningsøkter med mellom andre Olav og Gisle. Dermed var det i gong, og eg kom meg ut og trefte mange andre på ulike tevlingar.

Korleis og kor mykje trenar du?
Eg trenar ein time kvar dag, og gjerne lengre økter i helgene. Legg ofte treninga opp etter når Jakob søv, og eg trenar då på grusvegane heime. Sjur kjøpte tredemølle til meg då Jakob var liten, og eg kom meg mindre ut på trening. Nå har eg også fått eigen trenar, Per Andersen frå Haugesund.

Reaksjonar på at du spring for Klypetussen?
Det opplever eg som berre positivt. Noko eg synest er artig er at når eg spring med drakt utan Klypetuss-logo, heiar folk på Klypetussen – så dei kjenner meg likevel!

NM i Sandnes 2017

Får du tid til hobbyar?
Det meste av tida går sjølvsagt til borna. Elles likar eg å laga mat. Løping er min store hobby!
Ungane er aktive og likar å springe, dei og. Dei er med på ulike barnestemne. Men eg er oppteken av å ikkje pushe dei! Dei skal sjølv få bestemme.

Kva mål har du vidare?
Det som driv meg er framgangen eg får. Så lenge tidene blir forbedra, så

motiverer det meg til å gjera meg bedre. Blir aldri god nok, men det er ei god kjensle å få ei god tid, samtidig som eg kosar meg. Det er også viktig å setje seg mål – og målet mitt er å nærme meg dei beste. Det er ei spenning med konkurransar. På føremiddagen tenkjer eg på korleis det skal gå – og så går eg gjennom løpet att når eg kjem heim. Trenaren min ønskjer at eg deltek i løp med NM-status. Difor måtte eg ta det rolig i «Langs Åkrafjorden» i år pga NM i Sandnes ei veke etter.

Kva stemne har du delteke i?
Det har blitt nokre etter kvart: Hydro Rundt, Haugesund Halvmaraton, Saudaløpet, Sluseløpet, Ølmedal Rundt, 6 kvalifiseringsstemne til NM på bane (Stord, Haugesund, Sandnes) pluss fleire lokale løp.

I Haugesund Halvmaraton vann eg med tida 1.19.09 og sette ny rekord i dette løpet. I Ølmedal Rundt i år vart det 2. plass med tida 5.6.17 og under NM i halvmaraton i Oslo vart det 5. plass med tida 1.20.19

Under NM i Sandnes fekk eg 7. pl å 5000m med 16.53.60 og 6. pl. På 10.000 m med 36.08.58. Var veldig fornøgd med resultata i NM, det gav meg eit ekstra puff å få eigen trenar!

I helga 14/15.okt til NM i terrengløp, lang løype(6 km) Vik i Sogn saman med Gisle, Skjalg og Per (trenar)

NM i terrengløp i Vik i Sogn, der Maryna fekk 3. plass

Kvifor valde du ein liten klubb?
Det passar veldig bra, då eg må kunne trene når det passar meg mht borna og ansvaret for fjøsstellet. Eg trivst også godt med å vera med i Klypetussen, og har fått ekte vener her. Det er ikkje nødvendig for meg å vera tilslutta ein stor klubb – nå kan eg trene når eg har høve til det.

Me takkar for praten, og har gjennom denne trivelige kveldsstunda blitt betre kjend med Maryna –denne sprudlande dama med glimt i auget som representerer IF Klypetussen på ein så flott måte.

Vêr, vind og bølgjer

Alda = ei stor bølgja. (Storalda / tungalda = stor havbølgja).

Berling = små «ringar» i vatnet etter fisk som har vakt, eller fugl som har dukka. Berlingar også om fleire andre ting: «bølgjer» frå ulike ting,- ikkje «laga» av vinden.

Blikstilt = damstilt / daudstilt. Heilt stille.

Blåskra = det bles litt.

Daml = små, lette bølgjer (på sjøen).

Damstilt = heilt stille på vatn/ sjø. Svartastilla.

Daudstilt = dammande stilt, blikstilt.

Dovande stilt = blikstilt

Dørgande stilt = heilt stille.

Eling = svak vind. Flaga ? Kan ein venta regn-eller snøbya ?

Føykja = blåsa.

Gryla = kaldare enn gola (havgola = svak ettermiddagsvind på varme dagar). Kaldgryle.

Grylen = kaldgryle.



Græl = vinddrag. Noko kald vind.

Græla = jamn, vedvarande svak vind.

Gufs = kaldt vindpust.

Gust = ein svak vind. Vindstøyt.

Gusten = litt vind heile tida.

Havgula = havgola = lett sol gangsvind mot kysten om ettermiddagen.

Gola = svak vind.

Kaldgryle = litt sterkare vind og kaldare enn gola.

Kasten = kastevind.

Kastevind = ustødig vind. Ujamn vind som endrar retning.

Krus/krusing = lett vinddrag som lagar litt krusing på overflaten på vatnet / sjøen.

Reinert Frette

Litt å bryne seg på i julehelga

FINN EIT JENTENAMN I KVAR AV DEI 9 RUTENE HER



Sett inn eit ord i midten som kan kombinerast med begge orda på linja

Eksempel:

ENGLE	**SONG**	**KOR**

DAG	----------	**HYLLE**
LESE	----------	**MISBRUK**
SONG	----------	**HIMMEL**
PEPPER	----------	**BOKS**
BOM	----------	**TRÅD**
KAKE	----------	**OPNAR**
JULE	----------	**SKO**
EPLE	----------	**LESAR**
SÅPE	----------	**SJEF**
TANN	----------	**FLØTE**
NETTO	----------	**VEKST**
NAKKE	----------	**BUKSE**

LEGENDO LILLY

Eg vil fortelja om ei kyr, ei heilt spesielle ei….

Historien bjynda egentle me atte sofabonden, så då va ein liten gutakvelp, sko avgårde å kjøpa seg si fössta kyr. Sparsommele så an va, hadde an lagt seg opp litt penger, og de låg heilt naturligt for an å broka di på nett de.

Desssuten va de kje lenje te an sko bjynda på skulen, og då konne de henda de konne bli nøttigt å ha et kvart å slå i bore me, om de sko bli nødvendigt.. Sko der nå bli ein skryteronde i et friminutt, jedna om kin så hadde finaste sko elle kulaste jakka, konne de jedna vara lagele å komma me at ein eigde si eio kyr. E kje noko inkjevetta de helle!

Turen gjekk i adle fall te Våjen, der ein kosele kar så hadde kvite kyr, hadde ei fine ei te salgs. Då me va der, såg me på adle dei andre han hadde og, å beit oss merkje i ei så såg ualminnele snille ut. Badnabadnet te denna karen låg så långe an va oppå ryggjen te denna her, å o såg ut te å trivast heilt fint me de. De va fösste gånjen me såg Lilly.

Handelen me den kyro me opprinnele sko ha, gjekk ittekvart i boks. Eg huska

endo den litle, enormt kry sofabonden, så øverekkje konvolutten me penger å teke bonden i håndo på høgtidele vis. Maen lo godt, å sa atte de va sjello han handla me så onge bønder.

Så gjekk der ei tid, og me fekk telefon i frå denna karen ein dag. Han va litt oppi åro, og tio va kommen for å gje seg me gardsdrifto. Han lurte svert på om me konne tenkja oss å kjøpa Lilly. Den kyro klarte an beint fram ikkje å senda på slaktehuset, te de va o altfor spesielle.

Me takka sjølsagt ja.

Lilly va ei kyr de va lett å bli gla i. Ho va svert fornødde me å bli koste me og klødde på, og ein konne få sitja på ryggjen og, uten at o lea seg de minsta. De va heilt klart atte o va blitt oppdradde på aller beste måte.

Lilly va ein opplagde kandidat då me sko velja leiaren for flokkjen, sjølvaste bjødlekyro. Frå den dajen o fekk bjødlo på seg, har o tatt ansvare alvorligt. Injen, absolutt injen kødda me hu me bjødlo! Te å me stuten, så e møkje større, må rygga når Lilly sete i gång.
Egentle e Lilly ei ganske lito kyr, men viljen og stridigheto henas e heilt enorme. Å jaga på ne, e heilt fåfengt, de fant me tiligt ut. Sko me oppi beite me flokkjen, va de barre å gå i frå ne, så kom o lontande når o sjøl fant de for godt. Men vifta du me ein brødskalk elle ein mjølpåse, konne de trega vesene akselerera i frå null te hondre, i kufart, på ganske få sekund. Matvet har o alltid hatt.

Eg vil og påstå at o e ganske kloke. I begynnelsen jagde me kuflokkjen te fjells, å eg huska godt ein episode då me va komne te Røynekleiv. De e ein e temmele bratte bakkje, og stien e steinete og har nokon krevande berg, i adle fall for kuklauer. Flokkjen kreka seg sakte, men sikkert, oppijøno, for her lyte ein ta tio te hjelp. Lilly danna som vanligt baktroppen, å sto stillt og roligt å studerte kugjengen. Då dei fleste va komne te topps, svingde o resolutt te

venstre, å tok ein møkje greiare vei, jøno løng og brakje. Ein liten omvei va de, men de va heilt klart atte o ikkje hadde tenkt å risikera liv og lemar me å klyva opp den bratte stien.

Eg har hatt mange djupe samtalar me Lilly oppi beite jøno adle disse åro. Hadde eg noko godt i lommo, blei eg alltid godt mottadde, å mens kyro togg å eg kløddе o bak øyra, pratte eg om laust og fast eg vettu. Der e møkje visdom å spora i auene te ei kyr, å eg følte meg alltid forståddе når eg la ut om kvardagslige problemer. Kom me innpå politikk, konne de rett så de va henda at o slapp ei sjikkele mokka einaste.. Men enige om møkje har me alltid vore.

Nå e Lilly 16 og et halvt år blitt, og tio bjynda å renna ut..

Dei to siste åro har o pensjonert seg sjøl, og har kje hatt kalv ein gång. Men spreke e o framdeles. O demonstrerte de i fjor då me sko setja dyro inn. Ein bil me hengjar på sto litt i veien, å trur du kyro sko gå rondt?

Nei då, de va barre å jera et elegant bøks øve draje på hengaren de..så lett så injenting.

Men i år har de virka så o har vore litt smådeprimerte.. I store deler av fjellsesonjen gjekk o mutters åtleina. Mången fjellfantar passerte Lilly på vei te Skredkollen i år, å lurte på denna ensliga kyro så låg på sio tå stien, uten mina te å lea seg noko nevneverdigt. O tok te vet te slutt, å slo seg i hop me ressen tå bølinjen utpå sommaren ein gång.

De e ei ti for alt, å sjøl om de sete frøktele långt inne, har me bestemt oss for å senda Lilly avgårde te Fatland snart.
Eg har kvidd meg for den dajen lenje, å trur nok atte der kjeme te å komma ein del tårer. Nokon dyr blir ein inderle gla i, eg har hatt mången av dei oppijøno åro, men må vel sei at Lilly e den så har sett djupaste spor.

Helst sko me vel stoppa o ut å sett o oppme Blomtjødno. Der vett eg o likte seg svert godt om somrane. Nei, de e vel jedna bere o kjeme i glas å rama på den planlagde „Hall of fame"-en i den nybygda sluso i fjosen.

Det versta av alt e atte eg har lovt o vekk te ein gjeng me gourmetar. Gammadle kyr va visst ein delikatesse de, fekk eg høyra. De sat långt inne, men itte å ha tenkt meg om sa eg ja te de. Kjøte sko bli behandla omhyggjele, me både kjærleik og respekt. Ja ja, då kan Lilly nytast te aller siste slutt, tenkte eg.. Eg ska ta me meg adle dei goe minnene, for dei e de mången av. „Kyro mi, eg takkar deg", så de hete i den sånjen..

Kjerinjo te han innante bakevjo

Etterlysing

Er det nokon som har, eller veit om nokon som har, foto frå 17. mai som var ved Lauareidtjørna i slutten av 1960-talet og utover..

Me ønskjer å skriva noko om dette i neste blad, og det hadde vore kjekt med nokre foto eller kanskje nokon har spesielle minne frå feiringa? Om så er, ta kontakt med Sigrid eller Gunnbjørg.

Dikt

Diktet er orda frå grunnen
kjem frå den løynde stad
strøymer kje ut or munnen
handa er ferdastav.

Lekamen gjev ei gåve
helde på skatten sin
orda som lyest i hovud
vert til eit klårsynt skin.

Inge Vinje

Kveldsvandring til lavvoen i januar 2018

Stordalen og Sævareid Grendahus og Trivselgrenda vil laga til ei kveldsvandring onsdag 31. januar 2018. Denne kvelden er det fullmåne, og det er også måneformørkelse. Dette vil me nok ikkje merke så mykje på våre kanter, men om det er klarver vil me få ein flott tur opp.

Det blir fyrt i grua inne og ute, og du kan ta med deg grillmat eller anna. Kaffi og saft serverer me. Det blir sett opp faklar langs vegen.

Sjå facebook/plakat på Kroa om tidspunkt. Verforbehold.

Framhald frå Klypeposten nr. 1 2017av «Håland i Stordalen – ei skreddartimeforteljing?» Trykt i Etne Sogelag si Årbok 2004.
Skriven ned av Mona Norheim

Kjeldene (som nå er gått bort) vart omtalt i nr. 1 2017: ‘
Ole Martin Tjerandsson Håland (ytre), fødd 1910. **Helge Helleiksson Haaaland** (bruk 1) fødd 1927, **Ingeborg Stålesen** (på Frette bruk 5 (fødd på Øvernes), **Marie Josefine Elise Øvernes** (bruk 1) og **Helmert Johannesson Handeland** (Y. Håland bruk 1) fødd 1913.
I tillegg Etnesoga av Ståle Dyrvik (personar og gardsbruk).

«SMÅTT OG STORT I SAMBAND MED GAMLEVEGEN OG STAMLINO I STORDALEN OG ÅKRAFJORDEN», DEL 2

IKKJE UTAN RISIKO

Under arbeidet med vegen langs Åkrafjorden fekk Helge ein stubbebrytar over seg og brekte beinet (det var ei lukka at kassen dei heisa massen opp med tok av for støyten). Dette skjedde i grustaket i Rafdal. Då reiste dei til sjukehuset i Haugesund med han i ein 5-tonns lastebil. Dei måtte be tyskarane om løyve til å komma fram. Dei hadde som alltid vakt i Steinshagen med revolver, gevær og sjokkgranatar i beltet. Ein sjokkgranat kunne minna om ein blekkboks med trehandtak, den drap ikkje, men laga eit fæla smell. På sjukehuset

Vegarbeid ved Ljusnes under krigsåra 1940-45. Frå v. Hans Frette, Lars S Vinje, Haldor Frette, Andreas Lindevik og Abel Stålesen.
Foto: Etne Lokalhistoriske Arkiv

kommenterte doktoren at beinet var berre plukkfisk og Helge blei liggjande i 3 månader med foten i strekk (dei starta med 9 kilo) – reine torturen.

Alt i 1943 var vegen kjørbar, sjølv om dei heldt på med grusing og anna til 1944. Helmert fortel at han hausten 1943 tok buss til Kyrping og lånte sykkel (av svogeren sin som arbeidde på vegen) og sykla inn til Rullestad. Dei var då i vande for hjelp i heimen hans (Helmert og kona Anna hadde små born på denne tida) og ville prøva hyra seg ei jente frå Rullestad.

I 1944-45 var Helge med og stakk ny veg Etne – Tjelmeland. I 1946 utvida dei eksisterande veg her, og laga "nordre Stamlino" (som dei kalla vegen Etne – Fjæra). Den vart ferdig rundt 1949-50, det gjekk forholdsvis fort sidan mykje var utbetringar på vegen som låg der frå før.

I Styggaberget (mellom Klypetunnelen og Hedleberget) skjedde der ei ulukka. Om ein ser etter, kan ein framleis sjå plassen der det er "råtaberg". Dei hadde nettopp skote, og arbeidsformann August Tveiterås arbeidde her då det rasa stein over han og drap han momentant. Styggaberget er utrygt den dag i dag.

KOMMUNIKASJON

Om dei ikkje hadde veg eller telefon før, fekk dei då gjeve beskjed om det var noko. Somme hadde den avtalen at dei la ut "bleikje" eller "blek" – eit stort kvitt laken (eller anna klede) – om det var noko. Mellom anna på Flatene v/ Longaland og i Kvamen hadde dei denne ordninga. Dei la det kvite kledet ut på bøen så det var lett å få auga på for pårørande på "hi sio" (andre sida) av Stordalsvatnet. Då rodde einkvan over for å henta dei eller sjå kva som var på ferde, fortel Marie Øvernes og søstera Ingeborg.

I Åkrafjorden brukte dei òg laken å gje beskjed

Brakkelag i Rafdal under arbeid med stamlinja i krigsåra 1940-45. Foto: Etne Lokalhistoriske Arkiv

med. Det var under krigen og i Rafdal fekk dei beskjed av dei på andre sida av fjorden når det var viktige ting på ferde. Dei hengde laken ut glaset når det var slepp og slikt i fjellet. Folk langs fjorden og på Rullestad tok imot slepp frå fly i fjella der tyskarane ikkje var kjende. Det ligg visstnok ein container i eit vatn ovom Markhus etter dette. Helge fortel at dei kunne sitja på Håland og sjå flya koma seglande. Tyskarane visste nok om det, men dei måtte ha eit tidspunkt for å kunne gjera noko med det.

Dei frakta alt mogleg innante fjorden ut til Lillesund skule i Haugesund. Det kunne vera sprengstoffet TNT og "steinguns"; som var lette, billege eingongsvåpen som dei kunne skyta seriar med. Mot slutten av krigen var dei frekke nok til å passere vaktene i rutebilar.

KLYPETUSSEN?

Det er ei grav ved Klypetunnelen, akkurat der den eldste vegen går ned til Kyrping. Dei hadde streng beskjed om ikkje å øydeleggja den då dei skaut tunnelen. Grava blei liggjande omtrent oppå tunneltaket. Dei gissa på at det var Kyrpinga-Orm (far til Erling Skakke) som var gravlagd der, og det seiest at det spøkjer ved denne plassen. Om ungane var ulydige brukte dei Klypetussen til å skræme dei med, så han var nyttig òg.

Det var nok ikkje berre tomt snakk heller, for Ole fortel ei grøssig historie herifrå, som han sjølv opplevde. Det var oppunder jul, kaldt alle veier, og vatn fraus til is – likeins Lauareidtjødno. Ole var ikkje så store karen då det kom eit par gutar frå Hegerland og skulle ha store-brørne hans Halvar og Lars med til tjødno og skeise.

Grustaket ved Øvstebø, 1946.
Foto: Etne Lokalhistoriske Arkiv

Ole og broren Gustav (to år eldre enn Ole) fekk ikkje vera med. Dei tok likevel skeisene med og skunda seg etter.

Dei store gutane fekk på seg skeisene i ein fart og glei ut på isen. Men Gustav og Ole hadde ikkje teke med seg skikkelege bindingar i farten, så dei fekk ikkje skeisene på og blei liggjande og tukla med dette. Medan brørne heldt på og skeiste så triveleg attmed berget der tunnelen er nå, høyrde dei eit fæla rabalder ovante. Det var nesten som det kom eit svært ras nedetter ura der.

Like etter bulderet høyrde dei at det kom ein mann leiande på ein hest frå Kyrpingskanten. Ole og Gustav var då like ved den smale vegen som gjekk langs Tjødno.

– Eg stilde meg tett i vegen, for eg ville sjå om eg kjende denne mannen som kom, hugsar Ole – men eg såg ingenting. Me haurde han kom rundt berget, men uansett kor mykje me prøvde, greidde me ikkje å sjå noko. Det var mørkt, men ikkje så mørkt at ein ikkje kunne sjå ein hest og ein mann. Me høyrde trampinga av hesten, og koss det skrangla i seletøyet, og fylgjet kom heilt nær og gjekk like forbi oss i vanleg marsjfart utan at me såg det!

– Det var løye, eg var nå ikkje så motige, men eg blei ikkje redde heller; eg forstod det berre ikkje, fortel Ole. – Eg kom ikkje på Klypetussen i det heile tatt, men dei som skeiste stoppa opp og tok til å snakka om han.

Det blei slutt med skeisinga og gutane tok av seg og ville heim. Dei var nokså spake av seg (noko dei ikkje hadde vore før hendinga), og sa ikkje eit ord til Ole og Gustav der dei stod i kanten av vegen. Dei to fylgde tett etter dei store utan å bli avvist.

– Halvar, Lars og Nesegutane var tause og tålege på heimvegen, og aldri haurde me gjete at dei fortalde det med nokon heller, seier Ole.

Det kan henda at bessen min Guttorm (f.1867 på Indre Håland bruk 1) og Knut Olsson Øvernes (f. 1871 på Vika) òg har sett Klypetussen, fortel Helge. Det var ein gong dei kom køyrande med hest og kjerre på veg til Kyrping. Om lag ved Porkeklakkjen (- ein haug like vest om Lauareid, som Vegvesenet skaut vekk då dei laga ny vegkross mot Frette -) møtte dei ein mann som passera dei med hest og kjerre. Dei blei nokså fælne då han like etter køyrde rett inn i steinura mot Styggaberget og forsvann! Klinkande edru var dei, og begge hadde sett det same synet…

VEGARBEIDET HELDT FRAM

Ole var med og bygde den nye Hålandsbrua rundt 1948 (- litt før tyskarane kom hadde dei utvida gamlebrua med eit par meter, ved at det blei lagd eit bjelkelag på oppsida). Den nye brua var ei "kvelvingsbru" og dei starta med å mura frå kvar side av elva. Det låg ein veldig stor stein ovom brua, den skaut

dei sundt og brukte, det var nok til heile kvelvinga. Dei forskala først og støypte oppå, det var tungt arbeid, men alt gjekk etter planen.

Helge hugsar ein episode i Hålandsgrustaket på denne tida. – Det var eit fæla regnver, og det var ikkje likt nokon ting å arbeida ute denne føremiddagen. Heile plassen var som ei suppa, så laget på 6 mann trekte inn i ei brakke som stod der. Då reiv syningen døra opp. Han heitte Knut Gjertsen (Gjerde br. 113) og var frå Hålandsdalen i Fusa. Han var eigentleg skomakar av yrkje (spelte hardingfele gjorde han òg), men på denne tida heldt han oppsyn for vegvesenet – så han køyrde rundt i ein bil og såg etter arbeidet langs vegen. Mannen var nokså hissig, og no sto han der drivande gjennomblaut. Den våte sixpencen (hua) hang nedover øyrene på han og snusen rann frå munnvikene. Han var ikkje nett noko vakkert syn der han stod og "teia" (tagde), medan han glodde sint på ein etter ein.

- Koss er det med samvittigheita dokkas? kom det til slutt. Ingen sa nokon ting, berre heldt fram med å drikka kaffi. Til slutt tykte Lars Olsson Sævareide (f. 1910 i Nigarden på Sævareid – Skåneviksoga III s. 73) at det gjekk for vidt når ingen sa noko. Det var ikkje alltid han sa så mykje, men av og til trødde han til med nokre gode kommentarar.
- Den er god, samvittigheita, forklara han; for me brukar den så sjeldan.
Då gjorde Gjertsen heilomvending, starta opp bilen, ga gass og forsvann.

Den gamle Hålandsbrua står framleis attmed "nya bruno". Her ligg enda Øykjabròn der dei tidlegare brønna hestane når dei drog bører langs vegen. Dei hadde slike brunnar med passelege mellomrom (ein låg nedforbi Håfossen mot Etne). Kjelda ved Hålandsbrua har eksistert lenge. Eit treslåk førde vatnet ned i ein trekumme (firkanta kasse), men kassa varte ikkje evig og kring 1930 laga Vegvesenet ein støypekum i staden (den blei visst dyrare enn dei hadde tenkt).

Øykjabròn hadde så godt vatn at folk nytta det til drikkevatn. Om det var tomt elles, var det alltid vatn her som folk kunne henta om dei trong. Om sommaren var vatnet iskaldt, og om du drakk av det vinterstid kjendest det varmt ut, men kjelda heldt sikkert om lag same temperaturen.

Ein gong Helge H. Haaland slo høy på eit stykkje ovom brua (i 1946) kom der tre jenter med oppakning syklande. Dei var varme og entra seg ned til elva for å drikka. Helge stoppa dei og fortalde at der var "dauadråp" i vatnet. Det vil seie at folk heiv "daudt levandes" (døde dyr) på elva. Og der låg det med fluger, makk og all slags bakteriar - ein kunne aldri veta kva som flaut i vatnet. No er det slutt på dette heldigvis. Helge fekk dei opp av elva og viste dei Øykjabròn i staden. Men jentene ville ikkje forstå at det vatnet kunne vera betre enn ren-

nande vatn og fòr vidare utan å sløkkja tørsten.

Det var og ei kjelda med veldig godt vatn lengre aust på gamlevegen i ei av sløyfene like vest om Lauareid. Den forsvann for ikkje lenge sidan då vegvesenet laga ny vegkross til Frette. Oppkomma låg ovom og nett innom der gamlevegen frå Frette kom innpå. Eit meieri stod like nedom den gamle vegkrossen, om lag der gangvegen under nye E134 treff avkøyrsla til Frette. Det vart kjøpt av Nils Halleland som sette det opp på Frette (bruk 10, Solvang), og han starta butikk i dette huset etterkvart. Om bygningen var tatt vekk, var meieri-plattingen fin og dei sette opp teater her kring 1922-23. Søskenparet Metta og Georg Nervik frå Etne var med og spelte.

Då dei skulle byggja vegen frå "Stamlino" (ved Hålandskrossen) til Skånevik, kom dei ikkje lenger enn til Steinbruhaugen - ved avkøyrsla inn til gardane på Ytre Håland. Då var det slutt på pengane – det var jamt pengeløysa på vegarbeid. Dette var i 1954, men vegen kom snart i gong att då dei fekk nye midlar. Vegen nådde Hålandsheio i 1960 og heile nyevegen til Skånevik stod ferdig i 1965. Då blei Skånevik Kommune slegen saman med Etne.

Frå Norheimstranda. Frå v. Hallvard Håland, Anders Hegerland, Hjalmar Stålesen, Severin Stålesen og Gustav Håland. Foto: Etne Lokalhistoriske Arkiv

Farande Fant 2018

Denne sesongen finn du Farande Fant i Øyskard (ca 700 m.o.h). Det ligg mellom Geitskarnuten og Haraheia og er eit skar som går sør/nord mellom Øyno og Rafdal.

Grunneigar på øvre Rafdal, Arvid Inge Rafdal, har merka løype opp frå garden og til ein møter T-merka løype til Blomstølen rett før Øyskard. Han ser gjerne at løypa blir brukt, sjølv om han har hytte i Botnane blir det ikkje så mykje gått. Så det er greitt å få «setja» løypa betre. Vil og tru at mange aldri har vore på øvre Rafdal, vel verdt eit besøk! Fin, fredeleg plass, med velstelte hus og tun og med eit flott utsyn over Åkrafjorden!

Han har gitt oss ei utfyllande løypeforklaring: Parkering i Rafdal, gamlevegen Åkrafjorden. Følg gardsvegen opp til øvre Rafdal og gjennom kvit port til høgre. Frå løa er det merka med skilt og raud løype til Øyskard. Turen går over Holmabruo og til høgre før steingarden som skil gardane. Opp grasbakken forbi gammal hustuft. Stien går innover på venstre side av dalen. Ved Storli går blå løype til høgre, men me skal til venstre og opp forbi Melkesteinane. Løypa møter T-merka

sti som går til Blomstølen. Farande Fant står i Øyskar som er inn i skaret til venstre. Heimturen kan gå i T-løypa til Verdalen - Tjelmeland. Eller over Skredkollen om du vil ha den med deg den og.

Me ønskjer alle ein fin tur hit, også til alle dei andre flotte turmåla våre.

Fjellgruppa.

Tekst til bilde 1: Utsyn mot Øyskar. Bilde 2: Einar Eintveit og Gisle Sellevold set opp kassen. Bilde 3: Øvre Rafdal. Alle foto: Magne Berge

Det spirer og gror i grendene....

Denne gode guten heiter
Erik Stølås Ramstad,
er fødd 26. juli 2017 og bur på Håland.

Foreldre er Silje Stølås og Sjur Helge Ramstad

HEGLEMUTEN

Oppsummering:
Gunnbjørg Ljusnes

Mona Norheim



788 m.o.h.

53 PERSONAR
65 NUTERINGAR

4 nuteringar: Anette Hovda

2 nuteringar: Terje Håland,
Marianne Tjelemeland, Sigbjørn Tjelemeland

- 26/5 17 kl. 20.05 Nesestølen, Håfjellet og nå her ☺ Evy og Helge Hus, Conni.
- 5/7 -17 Nydelig dag! 2 av 8 ☺ Kristin H. Straumstein, Jorunn Bringeland Berge
- 3/9 -17 Jippi, me fant fram!! Stolte. Tone E E Stensrud, Vibeke Sævareid, Mina

KP-redaksjonen: Her har mest ingen skreve noko om turen ☹

Vitsar frå Anne Britt Håland til «Skulemix» då ho gjekk på Sævareid Skule:

- Lille Petter hadde sølt forferdeleg på seg, og hans mor blei sint: - Du er ein forferdeleg gris! Du veit vel kva ein gris er? – Ja, det er ungen til purka!
- Høyrt om svensken som heiv avisa nedi fryseboksen før han gjekk på jobb? Fordi han ville ha ferske nyheiter når han kom heim.
- Eg vil gjerne ha ein deodorant! - Javel, skal eg pakka han inn? - Neida, eg tek han under armen...
- Å fy for eit stygt bilete! Orsak, men det er ein spegel.



- Kva slags pålegg likar du best? - Leverpostei. – Og far din? - Lønnspålegg.
- Høyrt om han som var så lei fisk at han hadde pølser i akvariet?
- Hugsar du telefonnummeret til Jens? – Nei, men eg kan ringja han og spørja.

HEIMRE SAUANUTEN

Mona Norheim

KONGE AV HEIMRE SAUANUTEN 2017:

Magne Berge!

5 nuteringar!



1196 m.o.h.

74 PERSONAR

80 NUTERINGAR

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes

2 nuteringar: Ingunn Frette, Vegard Havrevold

Velkommen til ny tursesong 2017! Farande fant 2017: Heglenuten (merka på kartet som Dalanuten) ligg opp frå Nesestølen.

- 3/10 2016 Folksomt i dag! Eg er tredjemann! Aldeles nydelig haustdag: sol frå skyfri himmel, stilt, litt snøflekker på toppen, litt frose i skyggen dei siste 100 høgdemetrane opp. Ingunn Frette

- 17.6. 17 Ståle Tungesvik. Måtte krypa under fonna i skaret.

- 27/6 -17 kl. 15.00. 1 t og 46 min frå bilen i nydeleg solskin og passeleg temp. Nils Rullestad

- 01.07.17 Magne Berge. Låge skyer i vest, blå himmel i øst.

- 08.07.17 Tone Fjærstad Pedersen, Erik Bæra. Tåke fra Ingebjørgvatnet og opp.

- 19.07.17 Endelig Heim(r)e igjen. Opp frå hytta i Åbødalen via Svartavatnet i nydelig vær med sol fra klar himmel. Retur om Indre og ned Kvandalen igjen. Takk for en herlig dag ☺ Jon Hansen

- 26.08.17 Målet er nådd for sesongen 30 nutar strålande fornøgd. Grethe Milje

- 20/8 30 nutar fullført! Herlig følelse! Ekstra kjekt med den flotte heiagjengen med meg <3 Nå har me gått frå Løkjelsvasshytta og skal vidare til Blomstølshytto. Me er rike med ein slik Natur! Kristin H. Straumstein, Ingvild Svendsen, Jorunn Bringeland Berge, Maria Berge, Agnes G. Sandvik

- 27. aug. 2017 Kom opp frå Åbødalen, Sauda. Nydeleg sommarvèr, men no kjem skodda sigande... Lars Bakka

- Lør. 16/9 2017 Fint ver m. sol, men det bles godt. L. B. her for første gong ☺ Ingunn Frette, Line Birgitte Saltvold Frette

- 24/9 -17 Anita Sørheim. Første gong her oppe, og for ein opplevelse!!! Masse lemen på stien – nesten redd for å trø på dei. Nydeleg terreng og nydeleg skue!

NORDFJELLET 867moh

Mona Norheim

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes

DRONNING AV NORDFJELLET 2017:

Berit Rafdal!

5 NUTERINGAR

92 PERSONAR

110 NUTERINGAR

4 nuteringar: Mette Heidi B. Ekrheim

3 nuteringar: Ove Ekrheim, Kåre Rafdal, Elmer Nordgård

- Onsdag 5. okt. -16 Opp for bokbyte. Ein fantastisk haustdag, me er inne i tidenes oktober-høgtrykk!! Stille, men flott i fjellet nå! Gunnbjørg Ljusnes

- 14/10 Me er på tur i dag i stri vind. Det er mange år sidan sist for min del. Såg 2 liryper her nede. Einar O. Eintveit, Harald Måge, Einar Gisle Sellevold

- 2/11 Tone K. Flokketvedt (Trulig siste tur til Nordfj i år. Nydelig vèr. Stilt. Frost på bakken & litt snødryss på toppen)

- 2. påskedag. Fin tur på beina fra Kvammen. Sol, men lite snø. Peder Helge

- 4/5 Rakk ein tur opp på ski før snøen for. Thorbjørn Samland

- 7/5 Nydelig maidag. Strålende sol. Fint å gå på beina, råtten snø noen steder. Jorunn N. Løhaugen, Mari Grønstad

- 10. juni. Så kom sola i kveldinga – fin tur på nuten. Berit og Kåre Rafdal

- 22/6 -17 kl. 15.00 Kjapp tur frå Håheim – tjukk skodda. Nils Rullestad

- 20/7 Fin kveldstur i fineveret. Rolf Eikemo + Natty. Litt vind nå og da ☺

- 25/7 Anita Sørheim & Dixie. Flott dag og flott nut! 1. gang til Nordfjellet, men ikkje den siste.

- 26/7 Fin temperatur, men nå er det meldt tilskying. Laila Frette, Frode Berge

- 23/9 Årets rypejakt er i gang – lite å se, men dagen er så vidt begynt ☺ Kjell Herigstad, Petter Herigstad, Julius Skjoldby



HELLAUG 274 m.o.h.

Oppsummering: Gunnbjørg Ljusnes

→ Mona Norheim



3 nuteringar: Randi Frette, Thorleif Odland

- 2017 - 3.3. Her er det lite folk som går. Tur rundt vatnet viss eg kjem over elva. 5 cm snø. Det har vore ein snøfattig vinter. Reidar Frette

- Vi var her. Hvor var du? - 24/3 Ny Tellturkode på plass. Evy og Conni

- 30/3 Øs pøs regn, men like blid ☺ Ingrid Haug, Anita Løvland

- 24/4 -17 På tellturjakt i Etne. Siv Gunnhild Østbøvik, Anders Ekse

- 3/5 -17 Strålande sol. Flott tur! Siren Grindheim & Wenche Iren Strand Drange

- 6/5 Drømmedag! Stort bedre går det ikke an å ha det! Ruth & Thorleif Odland

- 7/5 Kvitveis. Brus frå elva og strålande sol. Kristin Årak Grønstad, Kåre Grønstad + Mira

- 14/9 -17 Randi Frette, Oddbjørn Sande + Tassen på Sauasamling.

- 16/9 -17 På Saualeit igjen! Randi Frette og Liv Irene S. F. Sol og fint. På tur him. Line Birgitte Saltvold Frette, Ingunn Frette

- 17/9 -17 4 store, 2 små og 1 firbeint – på tur ein søndag litt seint berre ein liten rast – så me får tid til eit fiskekast
Lars Øvernes, Hanne Øvernes, Idun Øvernes, Karsten Hatteland

Gåter frå Anne Britt til «Skulemix» då ho gjekk på Sævareid Skule:

- Kva er likskapen mellom ein konge og eit tre?
Svar: Begge har krone

- Kva tyder det når du finn ein Hestesko?
Svar: At ein stakkars hest vandrar rundt på sokkeleisten

Alle 30 - 2017

(Lista er pr.25.10 17. Fristen for registrering er 1.11 så det kan vera nokre fleire)

Ståle Tungesvik
Skjalg Duesund
Leif Halleland
Harald Måge
Ingemund Berge
Lars W. Haaland
Magne Berge
Terje Bjørgen
Jorun Bringeland Berge
Kristin Finnes
Målfrid Hardeland
Terje Hardeland
Grethe Milje
Kristin H. Straumstein
Astrid Trå Sørheim
Evy Hetland Hus
Njål Inge Selland
Ingunn Frette
Vegard Havrevoll
Anne Grete Hilt
Jan Hilt
Kjellaug Hustvedt
Arvid Kjell Osvåg
Magni Fossåskaret Osvåg
Agnes Elise Sandvik
Marianne Tjelmeland
Geir Toadalen
Tor Inge Moe

På Skredkollen er frå v. Harald Måge, Einar Eintveit, Magne Berge, Gisle Sellevold, Tove Karina Berg og Hjørdis Sævareid, foto Evy H Hus

Shetland

På tur i eit vilt kystlandskap med rikt dyreliv og en bit norsk historie.

Turen til Shetland starta med nattferja frå Aberdeen via Orknøyane. Ved ankomst sjekka vi straks inn på B&B hotellet og var så klart for dagens tur til Sumburgh head. Etter drøyt 2 år i Skottland går det relativt greitt å kjøre på feil side av vegen, sjølv om nokon

underfundige plasseringar i vegkryss fortset førekomer.

En liten time sørover frå Lerwick og like før en kommer til parkeringsplassen ved Jarlshof passerer en eit noko pussig lyskryss. "Ved rødt lys, vent på kryssande fly", Vegen kryssar rett og slett enden av flystripa, å ved nært førestående flytrafikk må en vente.

Jarlshof & Sumburgh Head

Før vandreturen rundt Sumburgh head tok vi en tur inn på Jarlshof, dette er rester etter busettingar som strekker seg frå yngre steinalder via bronse og jernalderen til vikingtida og middelalderen. En stor del av

murhusa er nedgraven i sanden bunden samen med tunellar eller beskytta gangveier. Dette har nok gjort det relativt lunt sjølv om staden ligg utan beskyttelse mot Atlanteren.

Rundturen rundt Sumburgh Head går fyrst langs strandkanten frå Jarlshof på vestsida av halvøya ut til fyret som står på syd-spissen av Shetland. Sumburgh Head er eit fuglefjell så dyre-

livet er rikt, under turen fekk vi bl.a. første bekjentskap med lundefugl, sel, kanin og oter. Returen gjekk via østsida der en kryssar over til Jarlshof når en treffer vegen til flyplassen. Hele turen var på 6-7 km og terrenget er lettgått. Underlaget på Shetland kan godt samanliknast med en velhalden plen takka være det store volumet av sauer, en befolkning på rundt 22.000 og over 300.000 sauer seier litt. Å for ikkje å gløyme kaninar, det er kaninar over alt så "plen" vedlikehaldet er intensivt.

På returen frå Sumburgh tok vi en stopp ved Bigton og en rusletur ut på halvøya St. Ninians som er bunden til hovedøya med en sandstrand. Eit spesielt skue å sjå øya, stranda over til øya og hav på begge sider.

Klippane ved Eshaness

Godværet frå første dag var fortsett med oss, ren sommaridyll på Shetland (12-14 grader og lite vind). Denne dagen starta med en times køyretur frå Lerwick til Esha Ness fyrtårn på Northmavine øya. Her gjekk turen langs klippekanten nordover til Grind o da Navir. Den mest spektakulære fotturen mht. natur omgivelsar vi gjekk på Shetland.

Turen i seg sjølv er ikkje særskilt lang,

7-8 km og særs lettgått da det er tilnærma flatt og underlaget også her er som en nyklippet plen. Men naturen er spektakulær der dei første 2-3 kilometrane går langs klippekanten, svarte vulkanske klipper revet i stykker av dei evig drønnande bølgene frå Atlanteren.

Ved Grind o da Navir, det nordlegaste punktet på turen er dette særs synleg. Her er store steinblokker slengt inn over land. Søk etter staden på YouTube så får du sjå nokon spektakulære filmar av kreftene i bølgene som med heftig raseri hamrar mot det steile klippane. Heldigvis var denne dagen en "varm" sommardag og solfylt nok til å få klovne-rød nase.

Sjølv om turane er relativt korte tar det sin tid, det er mykje å sjå, mange bilete å ta, lunsjpause i strandkanten eller på en klippekant høyrer også med. For vår del tok også første skikkelege nærkontakt med selar sin tid. På returen går en litt inn frå klippekanten og passere Holes of Scrada. Det er eit ca. 50 meter langt arr i terrenget som oppstod da taket i en stor sjøgrotte kollapsa. Her får en sjå bølgene slå inn gjennom tunellen som forbinder hullet med havet.

På turen til og frå Eshaness passerer en også andre spektakulære steder på Shetland. En kort avstikkar til Stenness eit par kilometer frå Eshaness gir flott utsikt til Dore Holm inklusiv moglegheit for tur rundt Stenness og mot Tangwick. Dore Holm er en av det meir kjente klippeøyene med hull/naturleg boge på Shetland.

Hermaness naturreservat

Den tredje dagsturen starta med en to timer lang biltur nordover frå Lerwick via 2 ferjer og over øyene Yell og Unst. På nordspissen av Unst ligger Hermaness naturreservat, som er eit stort fuglefjell. Sjølv om turen blei gjort midt i juli var forhåpningane store til å komme tett på Lundefuglane før dei reiser ut på Atlanteren for å tilbringa vinteren til havs.

Turen til nordspissen er verkeleg å anbefale, en får sett mykje av Shetland undervegs. Ferjer må nyttas mellom øyene og dei smilte godt då eg stilte opp hos billettøren og ville ha returbillett. Nei her betalte en kun for tur, hadde en først komme seg over på øyene i nord var returen gratis.

Ved ankomst nasjonalparken starta vandringa med å gå over til yttersi-

da. En del stigning i starten, ca.130 høgdemeter gjennom eit myrområde.

Her var det godt tilrettelagt med plankefortau, så småsko ville vært greitt fottøy. Heile turen ble for vår del på rundt 11-12km. Den kan utførast som en rundtur men vi valte å gå rett over til fuglefjellet, følge dette sørover en liten kilometer før vi snudde og følgde det til "nordspissen" av Shetland. Her var det flott utsikt til Muckle Flugga, en liten holme med fyr. På det tidspunktet var vi tilnærma nede ved sjøen og fekk 130 høgdemeter å forsere på returen. Frå "nordspissen" kunne en velgje å gå over en lav ås direkte tilbake til parkeringa for å få en rundtur. For vår del tok vi heller returen samme veg som vi kom, åsen virka kjedelig og fuglefjellet det motsatte.

Å forventningane til fuglefjellet ble verkeleg innfridd, nærkontakt med havhest, havsule, toppskarv, storjo og lomvi. Men utan tvil var det stiligaste å sitje i avdelinga for lundefugl når disse fargerike fuglane med papegøye nebb landet rundt oss og hoppa rundt som miniatyr pingvinar.

Det anbefalast verkeleg å ta en tur til Shetland, det er mykje å sjå og oppleve ut over turgåing. Øya er lett å reise rundt på, ingen problem med egen bil sjølv om en ikkje er vant til venstre køyring da trafikkbildet er enkelt. Det er ikkje dei mest utfordrande fotturane, men lettgått turar i spektakulære omgivelsar er ikkje å forakte. Vi hadde en del andre turar også men dei 3 beskriven var høgdepunkta.

Arild Jensen

HÅFJELLET 937 m.o.h.				
Røde tall + * = rekord				
ÅR	PER-SONER	NUTER-INGAR	KONGE / DRONNING AV Håfjellet	NUTER-INGAR
1983	20	24	Knut Norheim	3
1984	39	44	Terje Håland	5
1985	46	49	Ingunn Frette, Gisle Sellevold, Olav Vannes	2
1986	81	97	Arild Jensen	6
1987	65	68	Terje Håland, Arild Jensen, Elin Rame	2
1988	87	109	Martin Norheim	10
1989	72	105	Martin Norheim	16
1990	72	108	Mona Norheim	17
1991	56	95	Martin Norheim	10
1992	68	104	Knut Norheim	9
1993	86	138	Terje Håland	16
1994	86	155	Frode Lauareid	18
1995	118	**229***	Terje Håland	**29***
1996	110	227	Terje Håland	23
1997	107	150	Terje Håland	11
1998	143	186	Terje Håland	12
1999	110	156	Terje Håland	10
2000	113	161	Per Rune Kolås	9
2001	154	191	Terje Håland	10
2002	105	154	Bente Håland	22
2003	102	141	Bente Håland	12
2004	124	162	Terje Håland	12
2005	91	125	Terje Håland	8
2006	124	145	Terje Håland, Martin Norheim	5
2007	139	157	Anne Lise Norheim	4
2008	Manglar, ikkje tilgjengeleg for Klypeposten			
2009	110	126	Magne Berge	9
2010	**167***	223	Magne Berge, Randi Norheim Håland	17

2011	94	118	Magne Berge	10
2012	77	87	Magne Berge	7
2013	159	178	Magne Berge	8
2014	162	180	Magne Berge	5
2015	120	130	Magne Berge, Tor Odd Clausen	4
2016	147	163	Tor Håkon Hovda, Bjarne Vika	3

NORDFJELLET 867 m.o.h.

Røde tall + * = rekord

ÅR	PER-SONER	NUTER-INGAR	KONGE / DRONNING AV Nordfjellet	NUTER-INGAR
1983	46	47	Roald Frette	2
1984	31	32	Gisle Sellevold	3(?)
1985	31	43	Gisle Sellevold	5
1986	56	68	Albert Inge Rafdal	4
1987	42	67	Elin Rame, Knut Erik Rame	7
1988	34	71	Elin Rame	6
1989	60	88	Osmund Kvammen, Knut Erik Rame	7
1990	44	73	Knut Erik Rame	12
1991	76	98	Albert Inge Rafdal, Knut Erik Rame	5
1992	91	122	Lillian Frette	7
1993	67	90	Randi Frette	4
1994	75	101	Gisle Sellevold	9
1995	63	93	Gisle Sellevold	11
1996	90	137	Helene Kvammen	13
1997	63	91	Helene Kvammen	14
1998	68	97	Helene Kvammen	15
1999	64	87	Helene Kvammen	16
2000	63	87	Helene Kvammen	17
2001	76	105	Helene Kvammen	18
2002	69	90	Helene Kvammen	19
2003	70	103	Helene Kvammen	**20***

2004	61	73	Arild Jensen	5
2005	72	82	Arild Jensen	3
2006	74	88	Per Rune Kolås	4
2007	63	66	Jørgen Eljarvik, Berit & Kåre Rafdal	2
2008	Manglar, ikkje tilgjengeleg for Klypeposten			
2009	63	69	Bjarte Aastvedt	4
2010	72	76	Magne Berge	3
2011	46	50	Magne Berge, Berit Rafdal, Nils Rullestad, Bjarte Aastvedt	2
2012	60	67	Ove & Øystein Ekrheim, Reidar Frette, Leif Halleland, Trond A. Omnes, Berit & Kåre Rafdal	2
2013	114	148	Mette Heidi Ekrheim	11
2014	**146***	**200***	Øystein Ekrheim	19
2015	92	105	Ove Ekrheim	4
2016	129	146	Berit Rafdal	5

HELLAUG 273 m.o.h.

Røde tall + * = rekord

ÅR	PER-SONER	NUTER-INGAR	Prins/Prinsessa av Hellaug	NUTER-INGAR
1983	65	89	Aslaug Stålesen	11
1984	75	95	Aslaug Stålesen, Lars Stålesen	5
1985	55	139	Ingunn Frette	11
1986	62	179	Jo Vinje, Ingunn Frette	8
1987	79	120	Ingelin Stålesen, Lars Jørgen Stålesen	9
1988	61	105	Asbjørn Stålesen	9
1989	133	189	Asbjørn Stålesen	13
1990	160	269	Lillian Frette	25
1991	193	283	Lillian Frette	20
1992	198	296	Lillian Frette	17
1993	**445***	**602***	Lillian Frette, Arild Karlsen	13

1994	210	358	Lillian Frette	17
1995	201	336	Arild Karlsen	13
1996	239	303	Roald Frette	12
1997	221	312	Ståle Vinje	17
1998	207	309	Borghild Sævareid Prestegård	18
1999	207	303	Borghild Sævareid Prestegård	20
2000	207	306	Borghild Sævareid Prestegård	22
2001	141	231	Borghild Sævareid Prestegård	30
2002	180	256	Asbjørn Stålesen	15
2003	232	306	Helge Andre Frette	11
2004	207	274	Else Merete Frette	18
2005	216	309	Svein Erik Sævareid	9
2006	179	245	Helge Andre Frette	16
2007	171	273	Helge Andre Frette	**33***
2008	Manglar, ikkje tilgjengeleg for Klypeposten			
2009	157	236	Solfrid Frette	15
2010	208	324	Svein Erik Sævareid	23
2011	157	214	Svein Erik Sævareid	12
2012	156	224	Ingelin Stålesen, Sveinung Steine, Sunniva Stålesen Steine	10
2013	301	412	Reidar Frette	13
2014	244	287	Magne Berge	10
2015	172	199	Magne Berge, Ingelin og Sunniva Ståleen Steine, Sveinung Steine	4
2016	249	274	Magne Berge	4

HÅLANDSHOVDA

Oppsummering:
Gunnbjørg Ljusnes

Mona Norheim

DRONNINGAR AV HÅLANDSHOVDA 2017:

Tone E. Stensrud, Elin Udstuen!

10 nuteringar

654 m.o.h.

487 PERSONAR

571 NUTERINGAR

8 nuteringar: Geir Bakke, 5 nuteringar: Arnfinn Stensrud

- 4/10 Nydelig tur – sol og flott høstvær. 14 grader. Ingerlise og Leif Hegerland

- 19/10 -16 Elin Udstuen. Makalaust haustver me har!

- 1/11 -16. 32 minutt. Det må vera bra av ein pensjonist. Einar O. Eintveit

- 3/11 2016 Ja det må vera ein spreke pensjonist ☺. Frost i dag, skya, litt sol, lite drag i lufta. Ingunn Frette

- GODT NYTTÅR!! 01.01. 2017 Tone E. Stensrud, Arnfinn Stensrud

- 27.01. 2017 Liljana Morhennine, Agnieszka Chybowska, Denima Palamlass(?). Sola skine, tåke under toppen ☺

- 27.01. Perfekt turvalg i solskin ☺ Turid Straumsøy

- 30/1 -17 Fantastisk turvær. Litt snø, sol, blå himmel. Evy H. Hus

- 4/2 -17 Luftig tur opp ifra Kyrping. Men fin tur. Tone E. Stensrud, Teddy

- 14/2 -17 Nydelig vèr. Mildt, stilt og sol på toppen. Tone K. Flokketvedt

- 2/4 Fin tur i tåka ☺. Trine-Lise Salmo, Maja Salmo, Ole Johan Ravnholm

- 9/4 Flott tur med fantastisk utsikt O Halldis Fornes, Atle Moe

- 13. april. Sjelden har Hovda bydd på mindre utsikt, men det er jo alltid fint på Hovda! Åsta Varne Øvernes, Daniel Varne Øvernes, Eldar Torgersen. Og plutseig forsvant tåka – og da er det fint på toppen! Kjell E. A. Vinje

- 13. april -17 Skjærtorsdag. Kaldt, men opphaldsver. Arne Tufta

- 14.4. 17 Langfredag. Opp ny-rydda og ny-varda sti frå Tjelemeland /Klype. Arild Jensen

- 16/4 -17 Jarle Hjelmtveit. Fin utsikt, en del snø, men meget vakkert.

- 26/4 -17 kl. 18.55. Sleipt å gå pga. nysnøen, men eg kreka meg nå opp ☺ Nils Rullestad

- 27/4 -17 Det har auka på med snø sio sist. NÅ vil eg ha vår! Elin Udstuen

HÅLANDSHOVDA forts.

- 1/5 Våren har komt☺ Flott kveldstur☺ Vindstilt☺ Solnedgong☺ Elin Udstuen

- 4/5 -17 kl. 22. Litt for sein til å få med meg «fager kveldsol», men Etne har hatt varmast temp. i landet i dag med 20,1°C ☺ Elin Udstuen

- 7/5 Kveldstur i godværet! Sigrid og Leif Arne Løvereide

- 17.5. Magne Berge, Harald Måge. 53 minutt – tungt – for Gisle Sellevold. Over eitt år sidan eg var her, trur eg. Så langt inervall har eg ikkje hatt. Gratulera med dagen Noreg! Elin Udstuen, Olav Samland

- 23/5 -17 Takk til Arild som har hjelpt til med å varda stien opp ifrå Kyrping. Tone E. E. Stensrud + Teddy

- 24. mai 2017. 54 min. opp. Nydeleg turfylgje og fin tur før «Alle 30»-festen på Sævareid i morgon. Gisle Sellevold. – Frisk og flott tur med supert selskap opp. Ser frem til neste gang! ☺ Guro K. B. Berge <3 – Fantastisk å komma hit te Hålandshovda igjen <3 Tove Karina Berge + Shiva og Diva !!

- 24/5 -17 Herlig kveldstur ☺ Randi Aga Larsen, Kathrine Funderud

- 27.5. 17 Fantastisk vær ☺ Varmt, heldigvis litt trekk på toppen. Sigurd Løhaugen (snart 3), Johanne Løhaugen (snart 8), Jorunn W. Løhaugen, Svein Ketil Løhaugen

- 11/7 Grauttjukk skodda. Ser lite og ikkje :-\ Grethe Milje

- 12/7 Sommaren glimre med sitt fravær! Og Yr.no lyge. Idun Øvernes, Karsten Hatteland, Gunnar Ø. Hatteland + Airo

- 6/8 Fin tur i ausregn ☺ Erling Hus, Johne Lilledal

- 11.08. 17 Skikkeleg forblåst på toppen, men godt å få ut litt energi for hu mor. Resten av gjengen stoppa på Hovdastølen. Siri Handeland

- 11/9 2017 – Valgdag. Regn og kuling i dag tidleg gjekk over til rett så fint ver i ettermiddag. Vått som aldri før over myrane.
Ingunn Frette og Line Brigitte Saltvold Frette

- 16.9. 2017☺ Nora Funderud 8 år, Endre Funderud 4 år, Markus Funderud 3 år, Torstein Funderud 34 år, Lina Funderud 35 år. – Denna turen var fantastisk gøy. Med klatretre og utsikt, stikkebusk og lyng. Det var morosamt og slitsomt, eg anbedfalar turen!

- 17.09. 17 Nydelig vær, flott tur! Anne-Gislaug & Jan-Erik Matre

- 1/10 -17 Njål-Inge Selland, Terje Bjørgen & Chili. Vindfullt ☺

SKREDKOLLEN

Oppsummering:
Gunnbjørg Ljusnes

Mona Norheim

DRONNING AV SKREDKOLLEN 2017:
Evy Anne Tjelmeland!
7 NUTERINGAR

908 m.o.h.

200 PERSONAR, **REKORD!**
234 NUTERINGAR, **REKORD!**

6 nuteringar: Vidar Tjelmeland, Odd Eirik Prestegård

- Søndag 2. oktober. Bokbyte. Flott dag i fint og stille haustfjell. Kom opp frå Verdalen. Fekk endeleg eit par fine dagar i resten av ferieveka. Gunnbjørg L.

- 2/10 -16 Nydeleg haustdag i fjellet ☺ Anne Grete Hilt, Jan Hilt

- 9/10 Flott vær og utsikt. Kristin Finnes + Penny

- 15/10 -16 Kraftig austavind. Elles fint. Fantastisk utsikt i dag. Audun Hustoft

- 16/10 Litt regn og vind i dag ☺ Astrid Trå Sørheim, Ståle Sørheim + hund

- 20/10 Vind, men fint med måne og sol. Magne Berge

- 25. okt. 2016 To farande fantar er på tur i dag. Me kom opp frå Lauareid-svingen. Var framom på Drevåsen. Litt trekk frå aust. Elles fint ver. Takk til super turkamerat! Einar Gisle Münter Karinthy Sellevold og Einar Eintveit

11/2 -17 Fantastisk vær, ikkje eit vindpust. Sol og barfrost.
Arild Jensen, Marit Hjartøy

- 26/3 -17 På truger opp her i dag. Ein aldeles strålande dag og nesten vindstille. Såg 1 rypa ved Tjelmelandstølen. Nå blir det risengrynsgraut på stormkjøkkenet ☺ Evy Anne Tjelmeland, Svein Inge Åkra

5/5 -17 kl. 17,00 Flott tur frå Ljusneshovda, men litt snø å vassa i på slutten!
Nils Rullestad

- 9/7 Regn, vind, grauttjukk skodda. Vestlandet på sitt verste ☺ Grethe Milje

- 24/7 -17 Anita Sørheim + Dixie. Veldig flott dag! Og for ein plass! <3

- 14. sept. -17 Nydelig i fjellet, vindstille og sol ☺ Birgitte Hansen

- 17. sept. 2017 Kjell Fredriksen, Anne Britt Grindheim + Kaja
Sol og fint her oppe! Regnbyger i sør og nord.

- 28/9 Varmt & sol, så fint til tross for kraftig vind. Tidvis vanskelig å stå oppreist
Arild Jensen

Farande Fant - Rullestad

Beskrivelse av tur til Storenuten i Rullestad, "farande fant": Me startar frå Skromme/Tømmerdalen og går på t-merka sti inn til Borddalen, og tar av på sti til Borddalsstølen.
Frå her har Fjæra Rullestad merka med sine raude røyrbitar. Stien fortset i retning Sandvatnet, og er den same stien som ein kunne nytta til Bordalsnuten.

Ved Sandvatnet tar ein av til høgre på raudmerka sti og går mest rett sørover 500 meter til Storenut. Her er det flott utsikt over stølane mot Rullestad og oppover mot Simlenbu. Ein ser og Sæterdalsbotnen frå nuten, og det er ein flott rundtur å fortsetja frå nuten til Sæterdalbotnen der ein treff brua frå t-merka sti mellom Seljestad og Simlebu. Herifrå kan ein fortsetja mot Nystøl, og få med seg Simlenut og Mjelkestølen (nuteringar).

Merk Storenut ligg omlag 300 meter lenger vest enn det som er avmerka på elektroninske kart. Nuten ligg omlag 750 m søraust for Bordalsstølen (kartmeter), og omlag 600 m nordaust for Nystøl. Høgda er omlag 840 moh.

Frå Skromme til Storenut er det omlag 4 km, 550 høgdemeter. Rundtur Skromme-Storenut-Sæterdalsbotnen-Simlenut-Skromme er omlag 12 km og 800 høgdemeter totalt.

ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Er det noko med bilen??
Ring oss først

Etne Auto AS
tlf. 53 75 62 00 / 53 75 69 69
ETNE LAKK
Vi står til tjeneste for deg!
www.etneauto.no

Din leverandør av
VARMEPUMPER

LAUAREID
Service as
(Me har overtatt Vika Varmepumpeservice as)
tlf. 976 05 432/ 965 00 707 • epost: bjarte@lauareid.no

Panasonic varmepumper
TOSHIBA
MITSUBISHI ELECTRIC VARMEPUMPER

ETNE SAND & PUKK AS

TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

Åkrafjordtunet
FJORDKULTURSENTER

FATLAND

Eivind Selland
Maskin
&
Anleggsservice

Røde Kors Etne

Sævareid
maskin

OPTIKER
REIDUN H. PETTERSEN
Tlf. 53 76 71 50 - 5580 ØLEN

MØBELRINGEN

EUROSKO

TUNGESVIK-HYTTEN
tungesvik
BYGG AS
www.tungesvik-bygg.no

SKÅNEVIKSTRAND
MASKINSTASJON A/S
HALLDOR EBNE • 5593 Skånevik • Tlf. 53 75 41 00
Tlf. kontor 53 75 41 02 • Fax 53 75 41 01 • Mobil 975 97 555

ETNE
EL. LAG
WWW.FACEBOOK.COM/ETNEELAG/

B
Kyrping Kro &
Bensinstasjon AS
Tlf 53 75 44 62
WWW.FACEBOOK.COM/
KYRPINGKROOGBENSINSTASJON/

INTERFLORA
ETNE BLOMSTER
JORUNN OG JOANAS
BLOMSTERVERKSTED
ETNE SENTER, TLF 53756990

KVALITET OG KRATIVITET SIDAN 1994

ALFEE
DAME & HERREKLÆR

Grannar
Prøv Grannar sin eigen app!
Download on the App Store
Google play

BergeSag®

HELGEVOLD
gruppen
elektro - telecom - automasjon

BYGGEPLANER?

Ta kontakt med oss!

Vi tar jobben fra grunnmur til ferdig bygg!